

Høyringsfråsegn Nasjonal ramme for vindkraft på land

Stad Landskap ønsker selvfølgelig kun det beste for naturen og det flotte landskapet vi er så heldige å kunne nyte. Verdien av urørt natur er som kunst å regne, og har ein samleverdi som ikkje taper seg i verdi over tid. Det vert mindre og mindre urørt natur i verden, og mennesket har allerede tatt til seg over 70% av alt isfritt land. Stad Landskap har sett denne verdien lenge og har kjempa mot store ufornuftige inngrep i ei årrekke. Når ein kjem til vindturbinar er det eit konsept som ikkje passar med levande vesen, derfor bør det heller ikkje plasserast der dei kjem i konflikt med dette, i så måte er vi positive til ei nasjonal ramme for vindkraft slik at vurderinga kan skje på eit breitt og godt forankra grunnlag. Dei føringane som ligg til grunn som omhandlar at der ikkje skal byggast i områder som har middels til høyt konfliktnivå, dette må ikke kunne fravikes alene på grunn av lokale krefter.

Vi er prinsipielt imot vindkraftproduksjon som kjem frå turbinar med rotorblad, da desse er skadelig for fuglar, insekt, dyr og mennesker.

- Vi meinar at Naturmangfoldslova skal trumfe energilova i alle tvistar med tanke på vindturbinanlegg.
- Hensynet til raudlista artar må komme føre all ny utbygging.
- Alle som får sikt til turbinar frå eigedomen sin, skal få same innsynsrett og klagerett som grunneigarar som vert råka av anleggsvei og planområde.
- Konsesjon skal ikke kunne gis uten at utredningane har vorte kontrollerte, vi ser det uheldig at konsesjonær kan engsjere egne konsulentar og skape egne landskapsrapportar.
- Sikt til anlegget frå kulturminner skal kunne veie tungt imot ei utbygging.
- Turbinar bør ha ei større innverkning på INON soner, då dei er synelege på 5 til 10 mil eller meir, avhengig av størrelse.
- En konsesjon er gitt en konsesjonær, og kan ikke selges videre da dette bryter med punkt i konsesjon som omhandler tilbaketrekkning.
- Anlegget må vere igangsatt innen 2 år etter at konsesjon er gitt.
- Målemetode og krav til lydforurreining må endrast frå dBA til dBC.
- Konsesjonær bør pålegges all risiko, og dekke kommunens kostnader ved planarbeid og bygging av vindkraftverk.

Vidare meiner vi at der er eit minimumskrav at dei som skal behandle saker om vindkraftverk bør ha sett seg inn i dokumentasjon og føringar nasjonalt og regionalt, samt lokalt.

Noken eksempel på slik dokumentasjon er lista opp her:

- Den europeiske landskapskonvensjonen
- Kommunedelplan for kulturarv
- Fylkeskommunal plan for vindkraft.
- Nasjonal ramme for Vindkraft
- FN's klimapanel sine rapportar om klima og natur.
- Oppdaterte rapportar og fråsegn frå norsk ornitologisk forening bør veie tungt
- Internasjonale ansvar for bevaring av naturmangfold og landskap
- Oversik over INON-soner
- Oversikt på raudlista artar i området.

Stad Landskap påberoper seg innsyn og fråsegnsrett, og ved noken tilfeller klagerett i pågåande og framtidige saker i kommune og fylkeskommune samt andre instansar som handsamar no og i framtida, saker som omhandlar planar om landsskapsendring eller på annen måte endrar landskapsbildet i Selje kommune og i kommande Stad kommune.

Styret i Stad landskap ved;
Hans Cristian Hansen - Thomas Honningsvåg - Sissel H. Sjåstad